



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 20.05.2021
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 20:05

Orientering V/A Vestlia (Thomas Lindås)

Status vedtekne vedlikehaldsprosjekt (Thomas Lindås)

Status skulebruksplan, både fysiske oppgraderingstiltak på skulane og førebuingane knytt til å samla ungdomsskulen på Årås, samt samarbeidsavtalen med AVS (Bjørnar Fjellhaug)

Korona-status (Monika Kvamme)

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Marita Terese Bru	BIA
Morten Sognes	H
Reidar Ulvøy	AP
Reidar Øksnes	SP
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Jan Erik Espelid	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Magnus Kvingedal	H	Varamedlem

Gro Kaland	SP	Varamedlem
------------	----	------------

Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes,
Thomas Lindås

Austrheim 28. mai 2021

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
029/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/21	Godkjenning av møteprotokoll
031/21	Orienteringssak
002/21	Kontrollutval - protokoll 27.01.21 og årsmelding for 2020
032/21	Godkjenning av Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området
033/21	Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag
034/21	Rekneskap fyrste kvartal 2021
035/21	Budsjettjustering fyrste kvartal 2021
036/21	Fag og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus - ressurs til koordinering og leing av samarbeidet
037/21	Endring av stillingstittel frå rådmann til kommunedirektør
038/21	TV-aksjonen 2021 - oppretting av kommunekomiteé
039/21	Ny vara til landbruksfagrådet - Marita Bru/Bygdelista
040/21	Nytt medlem i arealplanutvalet - Marita Bru/Bygdelista

029/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

KS - 029/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

030/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 030/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

031/21: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre ber om at rådmannen til kommunestyremøtet 16. juni legg fram ein komplett framdriftsplan for gjennomføring av vedtekne prosjekt i kommunen. Det må også leggjast fram ein plan for korleis og kor tid dei avsette fondsmidlane skal nyttast. Rådmannen må ha ei tett oppfølginga av dei vedtekne prosjekta og framdrifta på alle prosjekta skal rapporterast til på kvart møte i formannskapet og kommunestyret inntil prosjekta er avslutta. Det same gjeld bruk av fondsmidlar.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Oppmoding til rådmannen: (Eigentleg framlegg til vedtak i sak 031/21) foreslått av:

Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre ber om at rådmannen til kommunestyremøtet 16. juni legg fram ein komplett framdriftsplan for gjennomføring av vedtekne prosjekt i kommunen. Det må også leggjast fram ein plan for korleis og kor tid dei avsette fondsmidlane skal nyttast. Rådmannen må ha ei tett oppfølginga av dei vedtekne prosjekta og framdrifta på alle prosjekta skal rapporterast til på kvart møte i formannskapet og kommunestyret inntil prosjekta er avslutta. Det same gjeld bruk av fondsmidlar.

Kommunalsjef Service og forvaltning, Thomas Lindås, orienterte om avløp Vestlia. Var problem frå starten, men vurderte at det var for omfattande å ordna. Vart sett inn strømpe i røyra, men inspeksjon no viser at dette ikkje fungerer. Bergen Rørinspeksjon seier at det må rivast opp og leggst nytt.

Ein del røyr har frå starten av ikkje vore koplå saman, slik at det har vore lekkasje til grunnen. No vil ein leggja nytt røyr langs bygget med stikk inn til leilegheitene. Anslaget på kostnaden er ein million kroner, det er lagt inn i budsjettjusteringa no, heldt til å ordna ei leilegheit.

Randi K. Dyrøy (KrF) spurte om ein kan gå på entreprenør, Lindås svara at det er for seint og det er konkursar inne i bildet.

Per Lerøy (Ap) sa at det viktige her er god oppfølging av prosjekt vidare, følgja ting med lys og lykte. Monika Thorpe (Ap) spurte om det er noko forsikring som kan dekkja dette, Thomas Lindås svara at det er for langt tilbake, og at lærdommen er betre byggoppfølging, noko ein mellom anna skal løysa med å tilsetta ein ingeniør med dette ansvaret.

Kommunalsjef Service og forvaltning, Thomas Lindås, orienterte om utskifting av avløpsrør på Kaland. Her er det rør som er tette, og der ein må skifta meir enn det som var planlagt. Var sett av 2,5 million kroner, er rekna å kosta 1,5 meir enn dette no.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kor stort område dette omfatta, Thomas Lindås og ordførar Per Lerøy (Ap) svara at det ikkje går heile strekket ned til sjøen, men tar ein del no.

Per Lerøy (Ap) sa at det har vore klager på lukt frå pumpestasjonen, men det har vore frå overløpet det har komme lukt.

Randi K. Dyrøy spurte om ein tek røyra heilt opp til skulen, Thomas Lindås svara at det må takast etter kvart, men det er ikkje tett per no.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om skulebruksplanen. Har avtale med konsulentverksemda Inventura, som over helga skal vera klare med ein tidsplan for arbeidet. Målet er at alt skal stå klart til skulestart hausten 2022.

Bygger vidare på den moglegheitsstudien som vart laga av Norconsult i vinter, kjem tilbake med meir informasjon til kommunestyret i juni månad. I budsjettjusteringa er det sett av 150.000 kroner til mindre tiltak, møblement med meir.

I skulebruksplanen vil ein leggja inn etterslep på vedlikehald, slik at det ikkje står noko att etterpå.

Betre å ta dette no, men det er mogleg at dette vil gjera skuleprosjektet litt større.

For Åsheim-elevane har Alver takka ja til at desse elevane skal få gå skuletida si ut på Kaland skule, og Austrheim har hatt møte med rådmann i Alver og skuleleiar om dette.

Britt S. Lerøy spurte om det er Åsheim-elevar som har sagt at dei vil til Lindås, rådmann Fjellhaug

svara at det ikkje er meldt om det, men for elevar som startar i 1. klasse frå hausten så vil desse gå på Lindås.

Rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om at der mogleg at det er streik frå midnatt 26. mai, utan at tilsette i Austrheim er tatt ut i streik frå 27. mai. Vil likevel stoppa tilsettingsprosessar som er på gang, sidan tillitsvalde i Austrheim ikkje kan delta i partssamarbeid når det er streik i kommunesektoren.

Kommunalsjef Helse og omsorg Monika Kvamme orienterte om Korona-arbeidet. Status vaksining er at 935 har fått ein dose, 352 begge dosane. 78 fekk dosen i dag. Testa 1625 sidan mars 2020. Vaksinerer no 63-64 år, samt innbyggjarar med moderat risiko. 17 glas til Pfizer-revaksining og 19 glas for revaksining for dei som fekk 1. dose med AstraZeneca.

Ny vaksinestrategi seier mellom anna at det skal skeivfordelast meir vaksine til dei kommunane der smitten er høg. Det er sagt at alle skal få vaksine innan 1. august, men om det går 12 veker til andre dose er det ute i oktober før ein er fullvaksinert. Krevjande no som Austrheim må gje frå seg fleire dosar, og det er meir vaksinearbeid i juli, kanskje folk har planlagt ferie. I sommar planlegg ein testing måndag og torsdag, og vaksining onsdag, og har henta inn ekstra folk for å jobba med dette. Er ein god del arbeid med smittesporing og kartlegging, må vurdere om ein skal kjøpa verktøyet Remin for å letta dette arbeidet.

Skal komma koronapass i løpet av juni månad, som skal samhandla med det europeiske vaksinepasset. Opning av samfunnet er det ikkje sett nokon dato på per i dag.

Ordfører Per Lerøy sa at han var uroleg for at ein skal komma i hamn med vedlikehaldsprosjekt. I fjor kom ein ikkje i mål med prosjekt, og også tidlegare har framdrifta på prosjekt vore dårleg. Vil at kommunestyret skal be rådmannen om ein konkret plan for vedlikehaldsprosjekt, og om det er realistisk å gjennomføra arbeida. Har kring 13 millionar sett av til fond, klarer ein å bruka det slik politikarane har sagt, eller bruka pengar frå gjevarar i tilfelle der ein har fått midlar, som til realfagskommune eller folkehelse. Må få midlane ut i funksjon i samfunnet, dette må ein laga ein plan på. Eit døme på eit prosjekt som ikkje har komme i gang, er utbetring av vegen til Hoplandssjøen (dette arbeidet starta opp i dag).

Ønskjer at kommunestyret vedtek å be om at rådmannen kjem med ein plan for ferdigstilling av vedlikehaldsprosjekt, til møtet 16/6. Som døme må skulen på Årås vera ferdig til skulestart 2022. Det var gruppeleiar møte der Lerøy sitt framlegg til vedtak vart diskutert. (Framlegget frå Ap/H ligg ved møteboka)

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er ei oppfordring til rådmannen, og ikkje ei sak. Brekke las opp eit justert framlegg.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han støtta at det vert gjeve ei oppfordring til rådmannen, utan at det er sett opp ein konkret prosjektplan for kvart prosjekt. Heller ei matrise med alle prosjekt, med når ein kan venta at det vert gjennomført, og det må komma løypemeldingar framover på når ein kan komma i mål med dei ulike tinga.

Bjørnar Fjellhaug sa at det er for omfattande med prosjektskisse på kvart enkelte prosjekt, me oversikt skal ein klara. Ser at det har vore vanskeleg å ha kapasitet til å gjennomføra alle vedtekne prosjekt, og ei oversikt kan gjera det mogleg for politikarane å prioritera kva som skal gjennomførast. Når det gjeld midlar på fond, er det i enkelte tilfelle prosjekt som er sette på vent på grunn av Korona. I statusoppdateringa vil ein orientera om kva som er på bundne fond og kva som er fritt.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å få gjort ferdig ting og vist utad at ein gjer det ein har sagt ein skal gjera.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, samt tillegget frå Ap/Høgre.

KS - 031/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Austrheim Arbeidarparti og Austrheim Høgre ber om at rådmannen til kommunestyremøtet 16. juni legg fram ein komplett framdriftsplan for gjennomføring av vedtekne prosjekt i kommunen. Det må også leggjast fram ein plan for korleis og kor tid dei avsette fondsmidlane skal nyttast.

Rådmannen må ha ei tett oppfølginga av dei vedtekne prosjekta og framdrifta på alle prosjekta skal rapporterast til på kvart møte i formannskapet og kommunestyret inntil prosjekta er avslutta. Det same gjeld bruk av fondsmidlar.

002/21: Kontrollutval - protokoll 27.01.21 og årsmelding for 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

Nestleiar i kontrollutvalet, Jan Erik Espelid, orienterte om arbeidet i kontrollutvalet i 2020 (jamfør årsmeldinga frå Kontrollutvalet, som låg ved innkallinga)

Britt S. Lerøy (Ap), som er kommunestyret sitt medlem i Kontrollutvalet, la til at det er eit godt samarbeid i utvalet.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KS - 002/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tar orienteringa til vitande.

032/21: Godkjenning av Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner **Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området**. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Denne forskrifta er heimla i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34,

37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85

06.05.2021 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 051/21 - 06.05.2021 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner *Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området*. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Denne forskrifta er heimla i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.
Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for formannskapets framlegg til vedtak.

KS - 032/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner *Forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall for NGIR-området*. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Denne forskrifta er heimla i LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) §§ 30, 31, 33, 34, 37, 48, 49, 50, 79, 83 og 85

033/21: Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag

Rådmannen sitt framlegg:

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag vert inngått for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

Når kommunen brukar Rongevær, som for skuleavslutningar og liknande der ein ikkje skal overnatta etterpå, skal kommunen kunna bruka Rongevær fram til klokka 21.00. Dette skal gjelda for vekedagar med unntak av fredagar.

Inntil det er på plass betre kjøkken- og toalettfasilitetar i naustet, skal kommunale leigetakarar

kunna bruka kjøkken og toalett i skulebygget.

06.05.2021 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

- Bergen og Hordaland turlag er begeistra for Rongevær, satsar på dette, kanskje også Bømlo.
- Kort veg frå Baløy og over. Kan bygga seg naust i Baløy for kajakkar eller anna. Vil ha gode robåtar tilgjengeleg.
- Som eigar har kommunen 40 års perspektiv på dette, men Bergen og Hordaland turlag vil ha moglegheit til reforhandling dersom interessa for anlegget ikkje er så stor.
- Dette vil setja Austrheim og Nordhordland på kartet med ei slik turlagshytte.

Per Lerøy (Ap) sa at det jamt over er begeistring for tilbodet. Det som er sett av som tid til skular, atten dagar og fire netter, det er dobbelt så mykje som bruken i dag, der 4. klasse har ei overnatting kvar.

Per Lerøy (Ap) sa at det bør vera årvisse møte mellom kommunen og turlaget, gjerne før sesongen startar på våren.

Inger Lise Brekke (H) sa at dette er heldig for kommunen, og innbyggjarane kan få eit tilbod som er betre enn dag. Bra om ein har eit årleg samarbeidsmøte der ein ser på om det er mogleg å få meir ut av samarbeidet.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at turlaget nok er ein betre forvaltar av eigedommen enn det Austrheim kommune har vore. Spurte om bruken på dag/ettermiddag og spurte om tidspunkt, her svara Asbjørn Toft at klokkesletta kan justerast.

Kommunalsjef service og fovalting, Thomas Lindås, sa at dette med årvisse møte kan ein få inn.

Reidar Øksnes (Sp) sa at dette er bra for å få liv igjen i Rongevær. Turlaget må gjere komma for å orientera i samband med årsmeldinga. Kva med klausular frå då skulehuset vart bygt? På det svara kommunalsjef Thomas Lindås at dei rettane som allereie er tinglyste går føre nye tinglyste rettar.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om tilgang til kjøkken. Her svara Asbjørn at planen til turlaget er å rusta opp bygget ved sjøen, slik at dette kan brukast av skular med meir. Er nok OK å justera tidspunkt til 20.00. Dette ser ein på før saka skal til kommunestyret.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 050/21 - 06.05.2021 - Vedtak:

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag vert inngått for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Når kommunen brukar Rongevær, som for skuleavslutningar og liknande der ein ikkje skal overnatta etterpå, skal kommunen kunna bruka Rongevær fram til klokka 21.00. Dette skal gjelda for vekedagar med unntak av fredagar.

Inntil det er på plass betre kjøkken- og toalettfasilitetar i naustet, skal kommunale leigetakarar kunna bruka kjøkken og toalett i skulebygget.

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka.

- Bergen og Hordaland turlag er begeistra for Rongevær, satsar på dette, kanskje også ei tilsvarande

kysthytte på Bømlo.

- Får leiga Rongevær for 40 år framover, og også areal på Baløy der dei kan plassera flytekai og robåtar. Turlaget legg opp til å investera i Rongevær, i 2021 rundt 2 millionar kroner. Er klare til å ta over i sommar, og leggja planar for korleis dei skal bruka arealet.
- Var i kontakt med andre aktørar, men Bergen og Hordaland turlag var beste alternativ.
- Etter handsaminga i formannskapet lagt inn at det skal vera årleg møte med Bergen og Hordaland Turlag, og strekt at skulebruk gjeld fram til klokka 19.00.
- Intensjonen er at dette skal brukast meir, og gje auka aktivitet i heile Austrheim. Kan padla til Kilstraumen, og andre stader som er greitt å nå frå Rongevær.
- Kort veg frå Baløy og over. Kan bygga seg naust i Baløy for kajakkar eller anna. Vil ha gode robåtar tilgjengeleg.
- Dette vil setja Austrheim og Nordhordland på kartet med ei slik turlagshytte.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han er positiv, og trur at turlaget er ein betre drivar enn kommunen har vore. Bør vera mogleg å vera der lengre enn til 19.00 for skuleavslutningar. Spurte kva som tilgjengeleg er for kjøkken og toalettsituasjon om det er berre naustet som skal brukast, her svara Asbjørn Toft at turlaget legg opp til å byggja toalett/kjøkken i naustet.

Per Lerøy (Ap) sa at bruken bør strekkast til 21.00 for skulebruk (avslutningar og liknande), med unntak av fredagar. Asbjørn Toft svara at dette kan ein leggja inn i vedtaket.

Monika Thorpe (Ap) spurte om ein kan leggja inn i vedtaket at skular må kunna bruka kjøkken og toalett i skulebygget inntil dette er på plass i naustet. Asbjørn Toft svara at dette kan ein leggja inn i vedtaket.

Aslak Bakke (H) sa at dette er ein unik sjanse til å marknadsføra kommunen.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet's framlegg til vedtak, med dei tillegg som kom opp under handsaminga.

KS - 033/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Rongevær Kurs- og fritidssenter - Leigeavtale mellom Austrheim Kommune og Bergen og Hordaland Turlag vert inngått for 40 år i samsvar med vedlagt avtale.

Når kommunen brukar Rongevær, som for skuleavslutningar og liknande der ein ikkje skal overnatta etterpå, skal kommunen kunna bruka Rongevær fram til klokka 21.00. Dette skal gjelda for vekedagar med unntak av fredagar.

Inntil det er på plass betre kjøkken- og toalettfasilitetar i naustet, skal kommunale leigetakarar kunna bruka kjøkken og toalett i skulebygget.

034/21: Rekneskap fyrste kvartal 2021

Rådmannen sitt framlegg:

1. Kommunestyre tar tertialrapporten til vitande

Kvartalsrapportar skal alltid innehalda tal for kort- og langtidsfråvær, samt orientering frå rådmannen om kva tiltak som er sett i gang i samband med dette.

06.05.2021 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om saka.

- Det som ikkje viser i tala enno, er at sjukefråværet er høgt innan Helse og omsorg, her kjem det auka kostnader etter kvart.
- Legekontoret, her er det ein del som må rettast med øydelagt utstyr, må få på plass ultralydapparat, og legebil kjem på plass no i år etter krav som kom i 2015.
- Avviket på rådmannsposten skuldast medlemsutgifter til NUI og regionrådet.
- Må ta fatt i dette med sjukefråværet, det vil avgjera om ein har pluss eller minus i år.

Det ligg 5 millionar i budsjett 2021 frå Mongstad Vekst AS. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at selskapet har kring 10 millionar i banken pluss eigedommar bokført til 4,4 millionar. Har nokre forpliktingar på Mongstad Sør. Selskapet skal oppløysast, ein skal selja eit bustadhus på Hope, og har avtale om å selja jorda på denne eigdommen. Resten er næringseigedommar som er i ferd med å bli ferdig regulerte.

Det er spennande ting på gang på Mongstad, jobbar med søknad om 50 millionar som skal gje prosjektering av energitunnel frå raffineriet til Mongstad Sør. Om dette kjem på plass vil eigedommane til Mongstad Vekst bli ettertrakta. Batterifabrikk er framleis aktuelt, med andre eigarar, Hydrogenfabrikk er aktuelt, det vil utløysa smoltanlegg og oppdrettsanlegg på land.

Odd Harald Dommersnes sa at det ein må vera merksam på at ein kanskje ikkje får desse pengane frå Mongstad vekst i år. På det positive ser ein at utbyttet frå BKK blir nesten to millionar meir enn den halve millionen som er lagt inn, og Havbruksfondet ser ut til å gje ein million meir.

Reidar Øksnes (Sp) sa at skatteinngangen kan vera høg i både 2021 og 2022, først ved etterslep Korona og så revisjonsstansen som ein skal ha på Equinor i 2022.

Per Lerøy (Ap) sa at det kjem nye prosjekt, som veg over Radøy og hydrogenfabrikk-prosjekt som vil gje stor aktivitet lokalt under utbygginga.

Inger Lise Brekke (H) sa at ho ikkje er så uroleg for skatteinngangen, men for sjukefråværet.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein må jobba for at Austrheim skal vera plassen å leva og bu, litt for mykje innpendling av arbeidskraft.

Odd Harald Dommersnes sa at ein jobbar for å få ned sjukefråværet, Styrar ved Kaland barnehage, Sissel Berge Monslaup, har jobba med dette på Kaland barnehage. No skal Monslaup jobba med dette for Kystbarnehagen, og etter det Nordliheimen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 054/21 - 06.05.2021 - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta tertialrapporten til vitande.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Rapportering av sjukefråvær foreslått av: Per Lerøy

Kvartalsrapportar skal alltid innehalda tal for kort- og langtidsfråvær, samt orientering frå rådmannen om kva tiltak som er sett i gang i samband med dette.

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, orienterte om saka.

- Det som ikkje viser i tala enno, er at sjukefråværet er høgt innan Helse og omsorg, her kjem det auka kostnader etter kvart.
- Må ta fatt i dette med sjukefråværet, det vil avgjera om ein har pluss eller minus i år. Nærværprosjektet er det viktigaste prosjektet ein har i 2021.
- Det ligg 5 millionar i budsjett 2021 frå Mongstad Vekst AS, om dette ikkje kjem i 2021 må ein ta dette inn andre stader.
- Har refinansiert lån og sparer mykje på det.

Britt S. Lerøy (Ap) spurte om sjukefråvær, kor stort dette er. Her svara kommunalsjef Dommersnes at samla sjukefråvær første kvartal var 9 prosent.

Britt S. Lerøy (Ap) sa at det er krevjande for både kommunen og den tilsette med høgt sjukefråvær. Ordførar Per Lerøy (Ap) la fram framlegg frå Ap om at kvartalsrapportar alltid skal innehalda tal for kort- og langtidsfråvær, samt orientering frå rådmannen om kva tiltak som er sett i gang i samband med dette. Ikkje ønskje om å henga ut nokon, men ønskjer å vera med på å setja fokus på dette. (Framlegget ligg ved møteboka)

Kommunalsjef Dommersnes sa at ein kan detaljera tala, om dette sa rådmann Bjørnar Fjellhaug at det kan vera små einingar, slik at ein har tala på kommunenivå, og heller tar tala for einingar om det er etterlyst og vurdert.

Inger Lise Brekke (H) sa at det kan vera identifiserande om ein går ut med tal på små einingar.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) sa at det kan vera ein del Korona-relatert, spennande å sjå korleis dette er etter Korona.

Gro Kaland (Sp) spurte om det kan vera tal her som gjeld tilsette som er heime med sjukt barn,

Bjørnar Fjellhaug sa at det er ikkje med i desse tala.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes sa at sjukefråværet ikkje har spesiell samanheng med Korona. Ein ser at skulane og legekantoret nesten ikkje har sjukefråvær i det heile. Må sjå på kulturen.

Inger lise Brekke (H) sa at det ikkje treng vera samanheng med Korona, ser at det er store forskjellar på sjukefråvær på avdelingar innan same eining.

Aslak Bakke (H) sa at det må vera oppfølging av sjukemelde frå starten av, det vil løna seg.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg frå Austrheim Ap.

KS - 034/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Kommunestyret tar kvartalsrapporten til vitande.

Kvartalsrapportar skal alltid innehalda tal for kort- og langtidsfråvær, samt orientering frå rådmannen om kva tiltak som er sett i gang i samband med dette.

035/21: Budsjettjustering fyrste kvartal 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Tillegg frå formannskapet om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

06.05.2021 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Er ikkje midlar til alle dei tinga som ein bør ta fatt i, men kan gjera meir ved å redusera det budsjetterte mindreforbruket.

Per Lerøy (Ap) ba om at ein kjem tilbake til kommunestyret den 20. mai med sak med midlar til varmeanlegg Kystbarnehagen og til å ordna lekkasje i taket over landskapet på Kaland barne- og ungdomsskule

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa om reguleringsplanane at ein treng 400.000 til dei to planane i 2021 for å ikkje stoppa framdrifta.

Per Lerøy (Ap) spurte om kva som manglar ved Kystbarnehagen. Ser at det er brukt byggtørkar, medan ein ikkje får anlegget i drift som det skal. Om Kystbarnehagen sa einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, at varmeanlegg og ventilasjonsanlegg ikkje er riktig innstilt. Anlegget på Kystbarnehagen har aldri vore justert inn skikkeleg, det er beviset på at kombinasjonen av eigenkontroll og useriøse aktørar ikkje går i hop.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det går ut over dei minste og dei tilsette når det ikkje er i orden på Kystbarnehagen.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte kva det gjev av ekstra belastning om ting ikkje er i orden for reinhaldarar. Om det siste svara Rolf Henning Myrmel at reinhald har stått på og jobba på i Korona. Dette er yrke med mykje slitasje skadar, manglar utstyr til vask og boning. Bra om me hadde fått dette på plass for å visa at ein meiner alvor og gjer noko for å unngå sjukefråvær. Ønskjer 200.000 til å ha nye maskiner, noko er 15 år og må skiftast, har også 30 år gammalt materiell som burde vore skifta.

Tunge maskiner som ikkje oppdaterte

Inger Lise Brekke (H) spurte om det vil kosta noko å venta med reguleringsplanar, Asbjørn svara at det treng det ikkje, men det kan komma søknader på dispensasjonar for nye hus og tilbygg skule av di det ikkje er reguleringsplan på plass. Når ein har starta planarbeidet vert det gjerne venta at det går sin gang. Og det er tomter som er attraktive som ein kan få aktivitet på når planane er ferdige. Mykje meir arbeid om ein ikkje har reguleringsplan på plass.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunehuset veit ein ikkje talet for. Ventar med det. Ber om at det vert lagt fram for kommunestyret kostnad for vaskeutstyr og for å få varmeanlegget på Kystbarnehagen på plass, med prioritering 1 og 2, og kommunehuset nedst etter dei andre. Bør ikkje gapa over for mykje, få på plass det ein har sett i gang.

Anne Dahle Austrheim (KrF) støtta å setta reinhaldsutstyr som nummer ein, varmeanlegg Kystbarnehagen som nummer to, reguleringsplanane som 3 og 4, kostnad rundt 1,1 millionar.

Bjørnar Fjellhaug sa at det ikkje er nokon sum sett for ombygging av kommunehuset, men må i alle fall sikra plass til PPT før 1. januar 2021 (Fensfjorden PPT), og skal også følgja opp styringsgruppa sitt signal om å flytta biblioteket til 1. etasje. Kan be rådmannen om å komma til kommunestyret med sak om dette i haust.

Per Lerøy framlegg om å prioritera vaskeutstyr 200.000 og Kystbarnehagen 500.000 kroner, og så kan ein komma tilbake til sommaren med tal på dei andre prosjekta.

Anne Dahle Austrheim sa at varmeanlegget Kystbarnehagen må prioriterast, om ein legg til utstyr til reinhald, i alt 700.000. Kan komma tilbake til juni-møtet med tal og prioriteringar på dei andre prosjekta.

Odd Harald Dommersnes sa at det ligg 6 millionar til overskot etter 2020, om dette sa Bjørnar Fjellhaug sa at kommunen framleis er på Robek og må halda igjen, men støttar framlegget om å komma tilbake til kommunestyret med dei andre sakene.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa det er viktig med dei 200.000 til kultur. Per Lerøy (Ap) sa om dette at det 14. august vert brujuubileum i Kilstraumen, og der må det vera kaffi og kake for å markera at det er 50 år sidan bruene kom. Det er også 50 år sidan ungdomsskulen vart etablert, med jubileum same år som den vart flytta, og 30 år sidan frivilligsentralen kom.

Odd Harald Dommersnes sa at det er vedlikehaldsetterslep fleire stader er, Rolf Henning Myrmel la til at det nok kjem meir til naudsynt vedlikehald, både på bygg og under jorda.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

FS - 057/21 - 06.05.2021 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Tillegg frå formannskapet om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Tillegg frå formannskapet om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

Formannskapet auka med budsjettjusteringa 700.000. Dette vert finansiert med å auka skatteanslaget. Rådmann Bjørnar Fjellhaug sa:

- Desse justeringane er det administrasjonen har funne rom for å prioritera.
- Fensfjorden PPT vil krevja meir kontorplass på kommunehuset, dette kjem ein tilbake til i juni-møtet.
- Rår kommunestyret til å halda litt tilbake, sidan ein formelt ikkje er ute av Robek-lista. Når ein er ute er det framleis ikkje rom for å bruka mykje midlar, sidan det er mange prosjekt som er ønska og det er ein del eldre ting ein må ta fatt i.
- Ting som er utsett i lengre tid må ein no ta fatt i, for å dekkja dette må ein gjera strenge prioriteringar.

Per Lerøy (Ap) sa at det som har skjedd på Kystbarnehagen (ventilasjon/varme fungerte ikkje frå starten) er rein svindel, frå dei som har signert eigenkontrollen utan at anlegget er fullført. Det som har skjedd i Vestlia er meir ein dum tabbe mellom rørleggarlærlingar, fagfolka og grunntrepreneren. Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er ubegripeleg at det er slik i Kystbarnehagen. Om prioritering sa

Dyrkolbotn at reguleringsplanar som kan gje innbyggjarar og inntekter er viktige. Det kan gje nye innbyggjarar og sikra inntekter i framtida.

Per Lerøy (Ap) sa at ein må vera frampå for å sikra seg nye innbyggjarar. Det er mykje som skjer rundt Fensfjordbassenget, og ein kan trekka til seg fleire av dei som skal jobba i bedrifter i dette området.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak

KS - 035/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for fyrste tertial 2021.

Tillegg frå formannskapet om 500.000 kroner til varmeanlegg Kystbarnehagen, og 200.000 kroner til utstyr til reinhaldarar. Administrasjonen skal komma tilbake i juni-møtet med ei sak om ombygging kommunehuset og planane «Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fonnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002», og «Reguleringsplan for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001».

036/21: Fag og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus - ressurs til koordinering og leiing av samarbeidet

Rådmannen sitt framlegg:

1. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til organisering og kostnadsrammer for 4-årig prosjektstilling til koordinering og leiing av samarbeidet om fag- og tenesteutvikling.
2. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til fordelingsnøkkel og godkjenner dei årlege kostnadene knytt til denne funksjonen.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Rådmannen Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

Det er viktig at dette vert eit helsehus for heile Nordhordland, det er eit arbeid som denne koordinatoren skal stå for.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

KS - 036/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

1. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til organisering og kostnadsrammer for 4-årig prosjektstilling til koordinering og leiing av samarbeidet om fag- og tenesteutvikling.
2. Austrheim kommune sluttar seg til framlegg til fordelingsnøkkel og godkjenner dei årlege kostnadene knytt til denne funksjonen.

037/21: Endring av stillingstittel frå rådmann til kommunedirektør

Rådmannen sitt framlegg:

1. Rådmannen sin stillingstittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør.
2. Endringa vert gjort gjeldande frå 21.mai 2021.

06.05.2021 FORMANNSKAPET

Rådmann Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 055/21 - 06.05.2021 - Vedtak:

1. Rådmannen sin stillingstittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør.
2. Endringa vert gjort gjeldande frå 21. mai 2021.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

KS - 037/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

1. Rådmannen sin stillingstittel vert endra frå rådmann til kommunedirektør.
2. Endringa vert gjort gjeldande frå 21.mai 2021.

038/21: TV-aksjonen 2021 - oppretting av kommunekomiteé

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordførar Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og familielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

På bakgrunn av erfaringane frå 2020, med både organisering, avvikling og innsamlingsresultat, vil Austrheim kommune rå til at TV-aksjonen går over til å blir ein digital innsamlingsaksjon.

Austrheim formannskap løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2020.

Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

06.05.2021 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy orienterte om saka.
Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 059/21 - 06.05.2021 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordfører Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og famielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

På bakgrunn av erfaringane frå 2020, med både organisering, avvikling og innsamlingsresultat, vil Austrheim kommune rå til at TV-aksjonen går over til å blir ein digital innsamlingsaksjon.

Austrheim formannskap løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2020.
Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

KS - 038/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2020:

- Leiar: Ordfører Per Lerøy
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Ein tilsett i administrasjonen med lokalkunnskap i Austrheim
- Eit medlem utpeikt av Lindåsneset Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Årås Sanitetsforeining
- Eit medlem utpeikt av Kvinne- og famielaget
- Eit medlem frå Austrheim idrettslag
- Eit medlem frå Ungdomsrådet

Rådmannen får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

På bakgrunn av erfaringane frå 2020, med både organisering, avvikling og innsamlingsresultat, vil Austrheim kommune rå til at TV-aksjonen går over til å blir ein digital innsamlingsaksjon.

Austrheim formannskap løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2020.
Kostnaden vert dekkja frå post **1490380001902**

039/21: Ny vara til landbruksfagrådet - Marita Bru/Bygdelista

Rådmannen sitt framlegg:

Marita Bru (Bygdelista) går inn i vervet som vara for Reidar Øksnes (Sp) i Landbruksfagrådet.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

Ann Kristin Leirvåg (Ap), leiar i valnemnda, orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valnemnda sitt framlegg til vedtak

KS - 039/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Marita Bru (Bygdelista) går inn i vervet som vara for Reidar Øksnes (Sp) i Landbruksfagrådet.

040/21: Nytt medlem i arealplanutvalet - Marita Bru/Bygdelista

Rådmannen sitt framlegg:

Marita Bru går inn som Bygdelista sin representant i arealplanutvalet.

Bru har ikkje vara, sidan ho er den einaste frå Bygdelista i kommunestyret.

Administrasjonen sjekkar om det er mogleg for Bygdelista å ha vara for Marita Bru, om ho ikkje kan stilla i arealplanutvalet.

20.05.2021 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Administrasjonen sjekkar om det er mogleg for Bygdelista å ha vara for Marita Bru, om ho ikkje kan stilla i arealplanutvalet.

Ann Kristin Leirvåg (Ap), leiar i valnemnda, orienterte om saka.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for valnemnda sitt framlegg til vedtak

KS - 040/21 - 20.05.2021 - Vedtak:

Marita Bru går inn som Bygdelista sin representant i arealplanutvalet.

Bru har ikkje vara, sidan ho er den einaste frå Bygdelista i kommunestyret.

Administrasjonen sjekkar om det er mogleg for Bygdelista å ha vara for Marita Bru, om ho ikkje kan stilla i arealplanutvalet.
